

JV SERVICE OG VEDLIKEHALD AS
Øyfjellvegen 2691
3864 RAULAND

Dato: 27.10.2025
Vår referanse: 2025/2711-13
Sakshandsamar: Kjell Christenson

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 262/25

Svar på søknad om transportløyve

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka

- Søknad m/vedlegg datert 18.10.2025
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova* - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Bakgrunn

JV SERVICE OG VEDLIKEHALD AS, organisasjonsnummer 929 222 709 har den 18.10.2025 søkt om **transportløyve** – løyve til å utføre leigekjøring som næring. Det er søkt om løyve til kjøring i område **Rauland/Møsstrond, utanom Nasjonalpark**.

Vurdering

JV SERVICE OG VEDLIKEHALD AS, organisasjonsnummer 929 222 709 har innfridd dei krava som gjeld ved løyve til å utføre leigekjøring som næring, fastsett i kommunens *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016. Løyvehavar vil utføre oppdrag i Rauland/Møsstrond, utanom Nasjonalpark.

Vedtak

JV SERVICE OG VEDLIKEHALD AS, organisasjonsnummer 929 222 709 sin søknad om løyve til å utføre leigekjøring som næring blir innvilga i område Rauland/Møsstrond, utanom Nasjonalpark.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdsellova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet medfører ei plikt til å ta dei transportoppdraga som det er etterspurnad etter. Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll. Ved kontroll må løyvehavaren kunne vise kven som er oppdragsgjevaren, kontaktinformasjon til oppdragsgjevaren og målpunkt/avreisestad for transporten.

Løyvehavar skal innan 15. juni kvart år sende ein rapport til kommunen. Rapporten skal innehalde dato, startpunkt og mål for kvart oppdrag

Løyvet er gyldig til mai 2026. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke. Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

Gebyr

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnader knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Informasjon om rett til å klage

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Christenson
konsulent



Vinje kommune

Transportløyve

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav a

LØYVE TIL Å UTFØRE LEIGEKØYRING SOM NÆRING

Løyvet gjeld for:

JV SERVICE OG VEDLIKEHALD AS, Øyfjellvegen 2691, 3864 RAULAND

Organisasjonsnummer 929 222 709

Område **Rauland/Møsstrond, utanom Nasjonalpark**

Løyvet gjeld i høve til å ta på seg transportoppdrag knytt til:

- Transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte
- Tilsyn med privat hytte på oppdrag frå eigaren
- Transport for massemedia på reportasjeoppdrag
- Transport av funksjonshemma
- Transport av ved
- Transport for beitenæring
- Transport som er direkte heimla i lova eller forskrifta eller dispensasjon etter *Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag §6*

Løyvet gjeld til mai 2026.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet medfører ein plikt til å ta dei transportoppdraga som det er etterspurnad etter
- Ved kontroll må løyvehavaren kunne vise kven som er oppdragsgjevaren, kontaktinformasjon til oppdragsgjevaren og målpunkt/avreisestad for transporten
- Transportoppdraga skal rapporterast til kommunen innan 15. juni
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv

Dato

Kommunens underskrift

Stempel

	KØYREBOK 20					Signatur
	Startplass	Dato	Sluttplass	Føremål	Oppdragsgivar	førar
<i>Eks:</i>	<i>Songa</i>	<i>01.12.2017</i>	<i>Dyranut</i>	<i>Frakting av materialar</i>		
2						
3						
4						
5						
6						
7						
8						
9						
10						
11						
12						
13						
14						
15						
16						
17						
18						
19						
20						
21						
22						
23						
24						

